

Språk: Jens Haugan setter her vedtaket i Stortinget denne veka i samanheng med besøket til Dalai Lama.

Kina og nynorsken

MEININGER

Jens Haugan



Kva har Kina og nynorsken felles? Tja, det er vel i utgangspunktet ikkje så mykje. Så korfor vel eg likevel ei slik overskrift?

Ein kunne jo alltid ha skrive om talespråk og skriftspråk i Kina versus Noreg, men det gjorde eg allereie i Språkåret 2013. Det er spennande nok i seg sjølv. Men korfor tenkjer eg på Kina og nynorsken i dag, 6. mai 2014?

■ 6. mai 2014 er ein ny merkedag, ein festdag, i norsk språkhistorie og språkpolitikk. 12. mai 1885 stemte Stortinget med 78 mot 31 stemmer for at «det norske Folkesprog», les: Ivar Aasens landsmål, skulle sidestilla med «vort almindelige Skrift- og Bog-sprog», som den gongen var det danske skriftspråket. Dette var starten på utviklinga av dei to norske skriftspråka nynorsk og bokmål.

■ No i 2014, 129 år etter det historiske jamstillingsvedtaket, og i samband med grunnlovsjubileet, stemte Stortinget med 168 stemmer mot ei stemme for at Grunnlova skulle komme på begge målformene. Her er det ikkje snakk om berre eit fleirtal; det var alle utanom ein representant som gjorde eit nytt historisk vedtak og stemde for likestilling og demokrati. Det skulle jo elles berre mangle når Stortinget tidlegare hadde vedteke at ein skulle ha to jamstilte skriftspråk i Noreg.

■ Men det er faktisk ikkje lenge sidan svært mange politikarar ikkje ville høyre snakk om noka



BESØK: Dalai Lama kom på besøk til Norge onsdag formiddag.

FOTO: HEIKO JUNGE, NTB SCANPIX

grunnlov på nynorsk. Det er nok heller ikkje å ta for hardt i å påstå at dei fleste politikarane nok bryr seg «litt mindre» om nynorsk som målform. «Nynorskingar», dvs. veljarar og stemmer, er derimot ein viktig faktor i politikken. Det var ein faktor ein tydelegvis ikkje kunne sjå bort frå. Ein må derfor rekne med at mange stortingsrepresentantar først og fremst stemde «politisk korrekt» i denne saka.

■ Det er då eg tenkjer på Kina – og Dalai Lama. Dagen før Dalai Lamas besøk i Noreg stemmer altså politikarane «politisk korrekt», og det er rimeleg å gå ut ifrå at mange stemde mot si eiga overtyding, at ein del av dei kanskje helst såg at nynorsken mista statusen som offisielt skriftspråk. Når det gjeld Dalai Lama, finst det derimot også berre eitt politisk korrekt val. Landet som tildelede fredsprisen til Dalai Lama, burde jo sjølvstakt ta imot den same mannen når som helst og kvar som helst med respekten og æra han fortener. Det gjeld for så

vidt alle offisielle gjester. Men den gongen ei.

■ Her er det altså politikarar som vel å høyre på Kina i staden for å vere politisk korrekte – eller i det minste høflege og vise vanleg folkeskikk. Men det er dei same mekanismene som rår. Kinesarane er for mange og for viktige for den norske staten. Det er då eg føler ei skar i gleden på denne dagen som jo er ein delsigar for nynorskens eksistens. Vi «nynorskingar» er tydelegvis ein maktfaktor på same måte som kinesarane, og eg veit ikkje om eg trivst med dette perspektivet. Arbeidet framover vil måtte bestå i å vise at politikarane valde rett når det gjaldt å gje etter for kravet om Grunnlova på begge målformene. Og politikarane må forstå at dei av same grunn heilt offisielt burde ha teke imot Dalai Lama. Det handlar om likeverd, likestilling og demokrati i Noreg som i verda. Dette er ikkje berre politisk korrekt – det burde vere heilt sjølvstakt i alle samanhengar.

STO
H
■ I
det
fra Ø
ke sl
i Elv
inn
mob
kjenn
son
sjem
ikke
dina
ning
ne ul
er st
er i N
er ifø
■ P
ressu
mine
er m
ene i
Det
man
bruk
med
gelse
rekk
påsa
det n
jeg sl
hatt
av fa
■ De
inter
som
den s
er ve
kan i
politi
de er
FRP
V
■ De
Frp, J
så va
til at
nyno
vansl
urban
å spr
adres
■ Aa
både
lære.
jeg fl
var v
og m
kraft
ikke
den v
lende
ble lø
som
Det